

MARGRETHE CECILIA STANG: <i>Helgener i tiden</i> Audun Dybdahl: <i>Helgener i tiden</i> . Senter for middelalderstudier, Skrifter nr 10. Trondheim: Tapir forlag 1999. 160 s.	207
CLAUS KRAG: <i>Trosskiftet og teorien om sakralkongedømmet</i> Gro Steinsland. <i>Den hellige kongen. Om religion og herskermakt fra vikingtid til tidlig middelalder</i> . Oslo: Pax Forlag, 2000. 233 s.	211
LOTTE HEDEAGER: <i>Religion og herskermakt</i> Gro Steinsland. <i>Den hellige kongen. Om religion og herskermakt fra vikingtid til tidlig middelalder</i> . Oslo: Pax Forlag, 2000. 233 s.	227
Debatt GRO STEINSLAND: <i>Om Claus Krag's syn på kilder og metoder</i>	233
Forfatterveiledning / Notes for Contributors	243

## Verdstreet, reinen og elgen

### Forslag til tolking av ei eddastrofe og ei skaldestrofe

Eldar Heide

I denne artikkelen føreslår eg ein lesemane som kan gje meining i to problematiske tekststader i norrøn poesi: *hreingálkn* i Hymeskvída 23 og *elgjar galga* i Sonetapet (*Sonatorrek*) 15.<sup>1</sup> Eg føreslår at dei får meining ut frå dette:

- A. Verdstreet i norrøn mytologi og (andre) galgetre kunne kallast “hest”.
- B. Etter reglane i det norrøne skaldemålet kunne “hest” varierast – gå om ein annan – med andre firføtte beitedyr, som rein, elg, hjort, osb.
- C. I norrøn skaldediktning – i såkalla *nykrat*-stil – kan bileta i uttrykket bryte med kvarandre, slik at ein må “sjå to bilete samstundes” for å få meining i teksten.

Hypotesen er at *hreingálkn*, ‘reinutysket’, i Hymeskvída 23, og *elgjar galgi*, ‘elg-galgen’, i Sonetapet 15, er “verdstreet.”

Eddakvede siterer eg frå Jón Helgason si utgåve (1971). I norrøne sitat følgjer eg normaliseringa i utgåva og viser til. Omsetting av eddakvede hentar eg frå Ivar Mortensson-Egnund (1974). I kapittelinnendinga av Snorre-Edda følgjer eg Finnur Jónsson si utgåve frå 1931. I nummereringa av Ynglingatal følgjer eg Finnur Jónssons utgåve i *Den norsk-islandske skjaldedigtning* (1973), som eg viser til som *Skj*. Omsetting av skaldekvede hentar eg normalt frå den utgåva. Nynorskomssettingar av skaldekvede og -kjenningar er mine. Når eg omset noko anna sjølv, seier eg frå om det. Norrøne namn på personar og mytologiske skapningar skriv eg i nynorsk form når slik form er i bruk eller er likefram å laga. Norrøn form skriv eg òg i parentes når ho har særskilt interesse og fyrste gongen eg nemner eit litterært verk, dersom den nynorske forma er mykje ulik den norrøne.

<sup>1</sup> Denne artikkelen bygger på kapittel V i magisteravhandlinga mi, *Fjølsvinnsmål. Ei oversett nøkkjelde til nordisk religion* (Heide 1997). Nokre av tekststadene eg føreslo tolkingar av der, har eg droppa her. Eg har ikkje skifta syn på sjøve tolkingane, men eg har innsett at dei må grunnleggjast med meir enn berre skaldemålsreglane. Eg vonar å få sett meir på det spørsmålet seinare. – Eit forstadium i arbeidet mitt med treet og dyret er presentert i Heide 1996.

## Bakgrunnen for tolkingane

A. I Voluspá 19 står dette om verdstreet: *Ask veit ek standa, heitir Yggdrasil*. Sisteledet i namnet, *drasil*, m., er eit poetisk ord for hest, og førelekkjen meiner dei fleste er odinsnamnet *Yggr*. Etter den vanlege tolkinga heiter altså verdstreet ‘hesten til Odin’.<sup>2</sup> Bakgrunnen for namnet meiner ein er myten om at Odin hengde seg i verdstreet (Hávamál 138). Tregalgen<sup>3</sup> “ber” den hengde til dødsriket, liksom hesten ber rytteren. Denne ideen finn vi att i mange skaldekvede. Til dømes seier Sigvat Tordsson i *Erfidrápa Óláfs helga* at “Sveakongens menn *riða Sigars hesti til Heljar*”,<sup>4</sup> dei ‘rid (på) Sigars hest til Hel’. Dvs. at dei vart hengde, for segnkongen Sigar vart hengd, så galgen er “hesten” hans. Når kong Agne i Ynglingatal 10 blir hengd i eit tre, heiter det at han skal *temja svalan hest*, ‘temja ein kaldvoren hest’.<sup>5</sup> I Ynglingatal 14 er galgen kalla *hábrjóstr hǫrva sleipnir*, ‘den høgbrysta lin[snøre]-Sleipne’ (ibid), og Sleipne er som kjent hesten til Odin. Utgangspunktet mitt er å “ta kjeldene på ordet” når dei kallar verdstreet og tregalgar for “hest”.

B. Norrønt skaldemål hadde eit svært, biletskapande omskrivingsapparat. Skaldane kunne skifte ut det ordet dei meinte – kalla *tydeordet* – anten med eigne poetiske ord, såkalla *heiti*, eller med to- eller fleirlekkja omskrivingar, såkalla *kenningar*. I staden for tydeordet står da eit *grunnord*, og eit *kjenneord* som gjer grunnordet kjenneleg (orda kan vera samanskrivne, eller særskrivne med kjenneordet i genitiv). I “skips-styrar” gjer såleis kjenneordet “skips” grunnordet “styrar” kjenneleg, slik at ein forstår at det er tydeordet “mann” som er meint. I neste omgang kunne ein så dele opp kjenneordet i ein ny kjenning – t. d. “tau-hestane (sin)”, slik at det i staden for “mann” står “tau-hestane sin styrar” (*strengmara stýrir*).<sup>6</sup> Logikken er at skipet er “ridedyret” ein brukar på havet. Kjenneorda kunne delast opp i nye kjenningar heilt til det vart sju lag i den “kinesiske øskja” – det er øvre grense i dei bevarte kveda. Ein annan teknikk var å skifte ut grunnordet i ein kjenning med eit heite. Til dømes kunne ein i “tau-hestane” skifte ut “hest” med eit dyr i same overkategori, som er “store, firføtte beitedyr”, og kalle “skip” for t. d. “tau-rein” (*strengja hreinn*). Dét, eller “havelg” (*vágs elgr*) eller “vasshjort” (*Vánar hjǫrtr*), gjekk for det same som “bølgjehest” (*hranna drasil*).

<sup>2</sup> Meir om tolkinga av namnet på s. 13f.

<sup>3</sup> “Den eldste Galge var et Træ, hvoraf en Gren eller Kvist bøiedes nedad og derpaa ved sin Elasticitet hævede eller vippede op i Luften den med Strikken om halsen dertil fæstede Person”, seier Fritznær.

<sup>4</sup> Str. 1, *Skj* B–I: 239.

<sup>5</sup> *Skj* B–I: 9.

<sup>6</sup> Døma er frå Meissner 1921, kap. 85.

C. Den norrøne skaldediktinga hadde fleire stilretningar, blant dei den såkalla *nykrat*-stilen. Den er slik at *líkneskjum* [*er svá skipt*] á hinum sama lut, sem *nykr skiptist á margar leiðir*, ‘vekslande bilete blir brukte om den same tingen, slik *nykr* vekslar på mange måtar’, seier Snorre i poetikken sin.<sup>7</sup> Bakgrunnen for nemninga er at *finngálkn*, som her = *nykr*,<sup>8</sup> er ein trollskapnad som er folk oppe og dyr nede. Kvede i *nykratstil* har eit indre motstridande uttrykk. Bileta i to kjenningar kan bryte med kvarandre, eller ein kjenning kan bryte med verbet han står til. Meir konkret: Dei ulike kjenningane samsvarer ikkje logisk med kvarandre, eller dei samsvarer ikkje logisk med verbet dei er objekt eller subjekt for. Derimot samsvarer tydeorda (det kjenningane står for) med kvarandre og med verbet dei er objekt eller subjekt for. Eit døme på *nykratstil* er når Einar Skálaglam i *Vellekla* (1) bed jarlen “høyre blodet til Kvase” (*Heyr jarl Kvasis dreyra*).<sup>9</sup> Ingen kan “høyre blod”, så det blir ikkje logisk samsvar mellom verb og objekt utan at ein les “kvedet mitt” for “blodet til Kvase” (Skaldskapen/skaldemjøden vart laga av blodet til Kvase, står det i Skaldskaparmál 5).

Det eg har skissert i B. og C. er mykje meir brukt i skaldekvede enn i den andre hovudsjangeren i norrøn dikting, eddakveda. Men dei to sjangrane høyrer til den same diktradisjonen, så i språk og stil er det ikkje absolutte skil mellom dei, berre glidande overgangar. Heite finn ein allment i eddakveda. I gudekvedet Hymeskvída (*Helgakviða Hundingsbana I*), som er eit heltekvede. I Hymeskvída er det fleire innslag av *nykratstil*.

## Treet og reinen

## TEKSTSTADEN

Etter punkt A. ovanfor, kan verdstreet omtalast som “hest”, og etter punkt B. skulle det òg kunne omtalast som t. d. “rein”. I Hymeskvída 24 kan det sjå ut til at det blir det. Strofa er slik:

Hreingálkn hlumðo / hrutu<sup>10</sup>  
 en hǫlkn þuto  
 fór in forna fold ǫll saman  
 sökðiz síðan  
 så fiskr í mar.

<sup>7</sup> *Edda Snorra Sturlusonar* II: 122.

<sup>8</sup> Til vanleg tyder *nykr* ‘nøkk (nykk)’ eller ‘flodhest’. *Nykrat* er inkjekjønnsperfektum av eit verb laga av substantivet *nykr*.

<sup>9</sup> *Skj* B–I: 117.

<sup>10</sup> AM 748 I, 4to: *hrvtv*, Codex Regius *hlvmþo*. Jón Helgason normaliserer ikkje bort skilnaden på endevokalane.



(Uvettet ylte, det óma i fjell, heile utgamle jordi ho skalv. Og fisken han kvarv i kav så fort.)

Eg føreslår at *hreingákn*, som Mortensson-Egnund omset med 'uvettet', er verdstreet (nærare om tydinga av sjølv ordet nedanfor, s. 13). Før eg kan gå inn på tolkinga, vil eg forklare bakgrunnen for strofa. Hymeskvida fortel at Tor i lag med jotunen Hyme har rodd ut på storhavet for å fiske Midgardsormen; Tor legg seg alltid i selen for å nedkjempe kaosmaktene. Men sjølv om ormen er ei kaosmakt, er han "a part of the cosmic order which will be destroyed if the monster does not stay in place".<sup>11</sup> Det ser vi av ei rad skaldekjenningar som framstiller ormen som eit band eller ei gjord som held verda saman.<sup>12</sup> Trass i det prøver Tor å ta livet av Midgardsormen, slik ei rad kjelder fortel.<sup>13</sup> I dei fleste variantane av myten mislykkast Tor, og ormen bergar seg. Berre i Husdråpa<sup>14</sup> er det klårt at Tor slår ormen i hel. I Hymeskvida 23 dreg Tor ormen opp-åt ripa og gjev han eit slag i skallen. Så skjer det som er skildra i strofe 24: "The world is about to founder, but, as the fish sinks back into the sea, creation settles down again", seier Meulengracht Sørensen.<sup>15</sup> Strofa inneheld altså ei "nær ragnarok-skildring", eit "nesten-ragnarok". Utgangspunktet for tolkinga mi er å jamføre skildringa av denne krisa med ragnarokskildringa i Voluspå.

#### JAMFØRING MED VOLUSPÅ

Det er i Voluspå 46/47 sjølv ragnarok tek til,<sup>16</sup> og det strekker seg over strofene 46–58. Det aller meste av dette skildrar innbyggjarane i (den mytiske) verda: Æser, jotnar, Fenrisulven osv. Alt som er sagt om "arenaen", den jorda desse skapningane lever på, er dette:

– I str. 47 *skelfr Yggdrasils askr standandi, ymr it aldna tré,*  
(Yggdrasilasken skjelv ståande, det ómar, brakar, i det gamle treet).<sup>17</sup>

– I str. 48 *gnýr allr iǫtunheimr,*  
(heile Jotunheimen tutar, durar, brakar).<sup>18</sup> *Iǫtunheimr*, 'verda til jotnane', tyder

<sup>11</sup> Meulengracht Sørensen 1986: 271, jf. Steinsland 1990: 58.

<sup>12</sup> Ormen blir t. d. kalla *jarðar reistr*, 'jordens tvinge', Ragnarodråpa 14 (*Skj B-I*: 14); *borðróins barða brauta þvengr*, 'det på bægge sider roede skibs hæslige banes (søens) tvinge', str. 17; *umgjörð allra landa*, 'hele jordens ompænder', Olve Nuva 1 (*Skj B-I*: 6) og Hymeskvida 22; *Stjórninull storðar*, 'den stive jordtelna' [ei *telne* er tauet langs kanten av gam og seg], Husdråpa 5 (*Skj B-I*: 129); *lindi jarðar*, 'jordbeltet', Voluspå 55, Hauksbok.

<sup>13</sup> Meulengracht Sørensen 1986 og Steinsland 1990 drøftar korleis det kan ha seg.

<sup>14</sup> Husdråpa, str. 6, *Skj B-I*: 129.

<sup>15</sup> Meulengracht Sørensen (1986: 270).

<sup>16</sup> Jf. t. d. Steinsland 1979: 143, Sigurður Nordal 1927: 91.

<sup>17</sup> Mi omsetting. På s. 11 går eg nærare inn på kva *ymja* tyder.

<sup>18</sup> Mi omsetting; *gnýja* etter *Heggstad*.

her helst 'fjella, berga', for brakinga tvingar dvergane fram i lyset.<sup>19</sup>

– Str 52: *Griótbiörg gnata,*  
(Grjotberg ramlar, rausar ned.)<sup>20</sup>

– Str 57: Når Tor har drepi Midgardsormen, raknar alt: sola svartnar, jorda søkk, osv.

Skjematisert:

1. Verdstreet skjelv, og det ómar, brakar, i det.
2. Berga, fjella, durar og brakar.
3. Berga rasar saman.
4. "Finalen": Sola svartnar, jorda søkk, osv.

Når Voluspå nemner så lite, går eg ut frå at det som er nemnt er essensielt – at dette var det sentrale i førestillinga om jorda i ragnarok. I så fall burde vi finne same mønsteret i Hymeskvida, dersom ormen dør der eller det er nære på. Dét meiner eg vi gjer. Om ein les Hymeskvida 24 etter punkta i innleiinga, så kan ein sjå alle desse fire punkta der, med to variasjonar. Eg tek dei to greiaste punkta fyrst:

Pkt. 2. Andre linja er *hólkn þuto*. *Hólkn*, n., er 'berg' (*Heggstad*), og *þuto* er fleirtal preteritum av verbet *þjóta*, 'tute, dure, bruse, suse, låte' (*Heggstad*). Dét ligg svært tett opp til Voluspå 48, der fjella *gnýr*, 'tutar, durar, brakar' (*Heggstad*).

Pkt. 3. Tredje og fjerde linje: *Fór in forna fold ǫll saman*. *Á fara saman* er å 'fare saman, falle saman' (*Heggstad*), så setninga tyder: 'Den gamle jorda fall saman'. Dette ligg òg tett opp til Voluspå (52), der berga *gnata*, 'ramlar, rausar ned' (*Heggstad*).

Pkt. 4. Her skulle jorda søkke dersom ormen døydde. Eg ser det slik at dikteren har spela på at dét var det venta utfallet. Tilhøyraren veit at ormen har fått seg eit slag i skallen, og veit det kan vera kritisk, men må vente i spenning på korleis det går. Det ser stygt ut, for undergangen blir skildra punkt for punkt fram til det avgjerande spørsmålet: Går verda under, søkk jorda i havet? – Puh, nei, gudskjelov, det vart *ormen* som sokk, han berga seg (dvs. "vi berga oss"). Siste punkt er altså ikkje med direkte, men det kan sjå ut til å vera med indirekte, gjennom ein allusjon.

<sup>19</sup> Jf. Sigurður Nordal 1927: 95.

<sup>20</sup> Mi omsetting; *gnata* etter *Heggstad*.



Pkt. 1. Når dei tre siste punkta i “undergangsskjemaet” er så like i Voluspå og Hymeskvida 24, så skulle ein vente at det fyrste punktet òg var likt. I så fall må *hreingákn* vera verdstreet *Yggdrasil*.

## FLEIRTALSFORMA

På grunn av verbformene verkar det umiddelbart urimeleg at *hreingákn* skal vera verdstreet. Verbformene *hlumðu* og *hrutu* skal stå til eit subjekt i fleirtal, altså fleire *hreingákn*.<sup>21</sup> Når kjeldene berre fortel om eitt verdstre (rett nok med fleire namn), da er det problematisk at *hreingákn* – i fleirtal – skal vise til verdstreet. Dét er likevel inga avgjerande innvending. For “fleirtala í stað eintölu [kemur] ekki sjaldan fyrir í skáldamáli”, ‘fleirtal i staden for eintal [er] ikkje uvanleg i skaldemál’. Sigurður Nordal ordlegg seg slik i ein kommentar til ei lausavise (eit einstrofa kvede) av Egil Skallagrímsson.<sup>22</sup> Fleirtal for eintal finn vi òg hos Hallfred Vandrádeskald, lausavise 8;<sup>23</sup> Kormak Ogmundson, lausavise 14;<sup>24</sup> i Eiriksdrápa 8,<sup>21</sup> i Gudrunkvida 5, Den stutte Sigurdkvida (*Sigurðarkviða hin skamma*) 14, Det andre kvedet om Helge Hundingsbane 46 (*Helgakviða Hundingsbana II*, to tilfelle), og fleire stader. Som vi ser, er det mange døme på fleirtal for eintal både i skalde- og eddakvede. Det mest interessante dømet finn vi i ei lausavise frå 1000-talet, av Tord Særeksson,<sup>25</sup> der det heiter at *Kjalarr of tamði [...] heldr vel mara*, ‘Kjalar (Odin) temmede heste meget dygtig’.<sup>26</sup> Strofa reknar opp kjende motiv frå mytologi og heltesegner, så setninga om at Odin “tamde hestar” må meda på myten om at Odin hengde seg i verdstreet. Men her er verdstreet omtala som fleire hestar, ikkje berre ein. Likevel er det klårt at

<sup>21</sup> Subjektet, *hreingákn*, gjev i seg sjølv ikkje opplysningar om tal, for på den tida handskrifta vart skriven heitte det *gákn* både i eintal og fleirtal. Men ein *kunne* lure på om motsetnaden til *hólkn* (med omlydsvokal) i linja etter fortel at *hreingákn* er eintal. Det er det likevel ingen grunn til, for dette ordet har *ö* i nyslandsk, både i eintal og fleirtal – kan hende p. g. a. ein gamal variant *hólkn* til *halkn* i eintal – jf. at Einar Ólafur Sveinsson normaliserer *hólkn* ein stad ordet er brukt i *Laxdæla saga* (s. 198).

<sup>22</sup> Nordal (1933: 194) om *Egils saga Skalla-Grimssonar*: 194; lv 26, s. 48 i *Skj B-I*.

<sup>23</sup> *Skj B-I*: 158.

<sup>20</sup> *Skj B-I*: 73.

<sup>24</sup> *Skj B-I*: 205.

<sup>25</sup> *Skj B-I*: 304.

<sup>26</sup> Varð sjölf suna,                    Goðrún bani,  
nama snotr una,                goðbrúðr vani,  
Kjalarr of tamði,               heldr vel mara,  
kvǫðut Hamði,                 hjørleik spara.

Strofa er slik at linje 1 og 5, 2 og 6, 3 og 7; og 4 og 8, høyrer i hop. Finnur Jónsson omset teksten slik: ‘Gudrun voldte selv sine sønners død; gudebruden (Skade) fandt sig ikke i samlivet med vaneætlingen; Kjalar (Odin) temmede heste meget dygtig, man har sagt, at Hamde sparede ikke på kampen (kæmpede uførtrodtent)’ (*Skj B-I*: 304).

det er verdstreet som er meint. Meir problematisk burde ikkje fleirtalsforma i Hymeskvida 24.1 vera.

ORDET *HREINGÁKN*

*Hreingákn* er sett saman av *hreinn*, ‘rein(sdyr)’ og *gákn*, som etter Finnur Jónsson (*Lexicon poeticum*) er “et fabeldyr, om hvis farlighed oldtiden nærede store forestillinger (jf. *finngalkn*), [det] bruges om et skadeligt, farligt væsen, redskab, *hlífa galkn*, sværd, *galkn Þriðja hauðrs*, d. s.” (*Lex. poet.*). Bokstavleg omsett tyder *hreingákn* altså noko slikt som ‘reinutysket’. Men den tydinga har granskarane hatt problem med å få meining i ut frå samanhengen. Teksten slik han står, med *hreinn*, “giver ingen mening”, meinte Finnur Jónsson, og valde å endre han til *hraungólkn*, ‘sten-uhyrer, jætterne’.<sup>27</sup> Ólafur Briem prøver å finne meining i teksten slik han står, og føreslår at *hreingákn* er ulvar, ‘uvenene til reinen’. Den tolkinga kan ikkje utan vidare avvisast;<sup>28</sup> *hreingákn* ville i så fall vera parallelt til *randgákn*, ‘skjoldskadaren’, som er ‘sverd’. Når eg likevel avviser tolkinga, er det av tre grunnar. Den eine er at linja med den tolkinga blir vel kvardagsleg i høve til dei andre. Det ligg ikkje på same kosmiske nivå å seia at “ulvane ulte” som at det “tuta el. dura i berga” og “den gamle jorda fall saman”. Er det derimot sjøelve verdstreet det lét i, så høver det betre i samanhengen. Den andre er at det passar dårleg å bruke *hrjóta* om den lyden ulven lagar. *Hrjóta* tyder snarare ‘brumme’ enn ‘ule’. (Eg går nærare inn på både *hrjóta* og *hlymja* nedanfor.) Den tredje grunnen følgjer av verbdrøftinga nedanfor.

Det kan verke urimeleg at eit så negativt ord som *gákn* skal vera brukt om verdstreet. Ser ein nærare etter, så stemmer det ikkje så dårleg, likevel. Eit anna namn på verdstreet er *Læraðr* (Grimnesmål 25), som etter enklaste tolking tyder ‘skadevaldaren’.<sup>29</sup> Dessutan kan namnet *Yggdrasil* tolkast i same retninga. For det fyrste tyder odinsnamnet *Yggr* ‘skremmeleg, fælsleg’, så dersom *Yggdrasil* kjem av odinsnamnet, så tyder det ‘hesten til den skremmelege, fælslege.’ For det andre kan namnet òg settast i samband med adjektivet *yggr*, som odinsnamnet er avleidd av, og som tyder det same. Er *Yggdrasil* laga av adjektivet, så tyder det ‘den fælslege hesten’. Detter held på at den tolkinga formelt er greiast.<sup>30</sup> Dersom det var odinsnamnet som låg bak, så skulle vi vente at det heitte \**Yggs drasil*, peikar han på. Det er eg samd i, men meiner det likevel er fullt mogeleg at *Yggdrasil* er laga av odinsnamnet. Den tolkinga må ha legi i dagen for folk som snakka norrønt. Men dét må òg tolkinga

<sup>27</sup> Finnur Jónsson 1932: 95, 348.

<sup>28</sup> Briem 1985 I: 217. Jamvel om Ólafur Briem avviser henne sjølv fordi han meiner det ikkje kan vera snakk om ulv ute på havet (1985 I: 216). Men om *hreingákn* av den grunn ikkje kan vera ulv, så kan heller ikkje *hólkn* (i linja etter) vera ‘berg’ (som det sjølv sagt er), fordi det heller ikkje er berg så langt ute som Midgardsormen ligg.

<sup>29</sup> de Vries 1961, jf. Steinsland 1979: 128, note.

<sup>30</sup> Detter 1897: 99.



'den fælslege hesten' ha gjort, namnet er tvitydig. Det som er interessant i denne samanhengen, er at namnet *Yggdrasil* med den siste tolkinga blir parallellt til *Læraðr* i dét at det er sjølve treet/hesten som er fælsleg eller gjer skade. Legg vi *Yggdrasil*-tolkinga 'den fælslege hesten' til grunn, så tyder *Yggdrasil* og *hreingálm* om lag det same. Den eigentlege skilnaden på 'den skadelege, farlege reinen'<sup>31</sup> og 'den fælslege hesten' er arten av stort, firføtt beitedyr. Les ein i tillegg "rein" slik ein ville gjort i ein skipskjenning, så blir namna bortimot identiske. Der blir jo slike dyr fritt skifta ut med kvarandre, utan at det endrar tydinga. Det er fleire døme på det i eddakvede (m. a. Det fyrste kvedet om Helge Hundingsbane 49, Det andre kvedet om Helge Hundingsbane 50), og eitt av dei har vi her i Hymeskvida, i strofe 26. Der kallar Hyme båten sin for *flotbrúsi*, 'flytebukk'.<sup>32</sup>

Faktisk kan ordet *-gálm* vera eit argument for at den skapningen det er snakk om skal oppfatast som tre og dyr samstundes. For *finngálm* er 'ein trollskapnad, folk oppe og dyr nede (kentauro)' (*Heggstad*). *Finngálm* = *nykrat*, begge delane blir brukte om den skaldemálsstilen eg gjorde greie for i innleiinga, den stilen der ein blandar bileta. Sidan *finngálm* er ulike ting på ein gong, er det mogeleg at *hreingálm* er meint å gje dei same assosiasjonane.

#### VERBA – HLYMJA OG HRJÓTA

Som vi såg ovanfor, spriker handskriftene når det gjeld det verbet *hreingálm* er subjekt for. AM 748 I, 4to har *hrutu* (*hrvtv*), fleirtalspreteritum av *hrjóta*, medan Codex Regius har *hlumðu* (*hlvmþo*), av *hlymja*. Desse verba tyder ikkje det same, så for tolkinga ville det vera ein stor fordel om det kunne argumenterast for at det eine er primært og det andre sekundært. Det meiner eg ein kan, men med andre argument enn ein har brukt før. Finnur Jónsson har reist ei formell innvending mot *hlumðu*. Han meiner det er "metrisk urigtig",<sup>33</sup> og at *hrutu* derfor må vera det rette. Finnur tenkjer truleg på stavrimreglane; normalt skal ikkje *hr(eingálm)* rime på *hl(umðu)*. Eg vil gje han rett i at regelen er slik, men vil samstundes minne om at denne regelen, som alle andre, blir broten. I eddakvedet Hårbardsljod strofe 8, finn vi t. d. rimet *hlennimenn : hrossaþjófa*. At det ikkje er så mange avvikande rim av denne typen, kan henge i hop med at det er få ord som tek til med *hl*, slik at det er få mulegheiter til slike rim. På bakgrunn av dette meiner eg ein ikkje kan avvise *hlumðu* av formelle grunnar.

<sup>31</sup> Jf. sitatet frå *Lexicon poeticum* ovanfor: *Gálm* "bruges om et skadeligt, farligt væsen, redskab [...]"

<sup>32</sup> Jf. "bukane bruse". Når Hyme brukar akkurat bukk her, og ikkje eit meir staseleg dyr, så kan det vera for å framstille båten som liten og skral, det kan sjå ut som Hyme vil terge Tor til å prøve å dra han opp åleine.

<sup>33</sup> *Lexicon poeticum*, under *hlymja*.

Tvert imot vil eg føreslå at *hlumðu* er primært, fordi det er *lectio difficilior* ('den vanskelegaste lese måten'). I *hreingálm hlumðu* stemmer nemleg ikkje verbtydinga overeins med subjektet. Å *hlymja* er å "larme (især om en dumpst-skingrende lyd)" (*Lex. poet.*). Eit døme på bruken er *sær hlymr*, 'sjøen larmar', elles er det ingen belegg utanom strofa vi drøftar. Vanleg er derimot substantivet *hlymr*, m., som verbet er avleidd av, og verbet *glymja*, som etter *Fritzner* = *hlymja*. Substantivet *hlymr* tyder 'larm, døn (især frembragt ved en tung, kraftig bevægelse)' (*Lex. poet.*). Det er vanleg brukt om våpen som slår mot ein annan, t. d. *hlymr Gungnis*, 'Gungnes [spjutet til Odin sin] óm', 'strid'. *Glymja* har særleg to tydingar i skaldskap (døme frå *Lex. poet.*): 1. Klang i våpen eller andre harde ting som blir slått mot ein annan eller durrar så dei ómar av annan grunn, t. d. *ísørn glumðu*, 'det klang i jarn [= våpen]' 2. Lyden av havet som slår mot land eller bølgene som bryt: *haf glymjanda*, osv. I alle døma eg finn, er *hlymja/glymja/hlymr* brukt om læte frå harde og/eller daude ting. Eg finn ikkje døme på at det er brukt om at folk eller dyr gjev læte frå seg. Det ser derfor ut til at ein rein ikkje kan *hlymja*, og da er *hreingálm hlumðu* ein ulogisk konstruksjon.

*Hreingálm hrutu* er derimot ei logisk og grei setning. *Hrjóta* kan tyde 'styrte, falde' (*Lex. poet.*), og slik tolkar Finnur Jónsson det: "jætterne styrtede ved jord-skælvet".<sup>34</sup> Men å *hrjóta* kan òg vera å 'udstøde en grov Lyd, brumme' (*Fritzner*), t. d. i *sem björn hryti*, 'liksom ein bjørn brumma' (Hamdesmål 26). Dei fleste<sup>35</sup> legg den tydinga til grunn i Hymeskvida 24. Med den tolkinga er *hreingálm hrutu* ei logisk og grei setning: 'reinutysket brumma, laga ulåt'. Med Ólafur Briem si tolking av *hreingálm* som 'ulvar' (ovanfor), blir også *hreingálm hrutu* litt ulogisk, for ulvar brummar ikkje, dei uler. Likevel er *hreingálm hrutu* ei greiare og meir naturleg setning enn *hreingálm hlumðu*, for *hrjóta* blir brukt om dyrelåt, noko *hlymja* ikkje blir.

Oppsummert er resonnementet mitt at sidan *hlymja* ikkje blir brukt om å laga dyrelåt, medan *hrjóta* blir det, så er *hlumðu lectio difficilior*. *Hreingálm hlumðu* er ei ulogisk setning som ein skrivar lett kunne stusse over og endre til det logiske og greie *hreingálm hrutu*. Derfor er *hlymja* mest truleg det opphavlege verbet, og *hrjóta* ei seinare endring.

Det interessante er at *hreingálm* da ikkje kan vera nokon skapning av kjøtt og blod. Ein rein eller ulv eller jotun kan ikkje *hlymja*. Derimot kan (stammen på) verdstreet fint *hlymja*, og ut frå samanhengen er det jo verdstreet *hreingálm* ser ut til å vera. Dersom det er slik *hreingálm hlumðu* skal lesast, så står vi overfor eit døme på nykratstil. For å få meining i teksten må vi lesa det eigentleg meinte 'verdstreet' i staden for det ordet som står. Det skulle ikkje vera noko formelt som talar imot det, for det er fleire døme på nykratstil elles i Hymeskvida. I strofe 22 blir Midgardsormen kalla *umgiðrð allra landa*, 'reima omkring alle land', og den *gein við agni*, 'gapa etter agnet', heiter det. Men ei reim kan ikkje gapa, det er det berre den eigentleg

<sup>34</sup> Han endrar til *hraungólkn*, 'sten-uhyrer, jætterne' (Finnur Jónsson 1932: 95).

<sup>35</sup> Ólafur Briem 1985 I, Mortensson-Egnund 1974, Holm-Olsen 1975.



meinte ormen som kan. I strofe 27 heiter det at Tor vatt með austri / upp lögfáki [...] / ok með austskoto “drog opp havhesten med auster<sup>36</sup> og auskjer”. Dette blir det ikkje meining i om ein ikkje hugsar på at “havhest” tyder ‘båt’. I strofe 19 er det eit anna nykratdøme.

Eg føreslår altså at *hreingálm* *hlumðu* skal lesast ‘det braka, óma i verdstreet’. Det er ein ting til ved sjølvve verbtydinga som talar for den lesemanen: *Hlymja* kan tyde om lag det same som *ymja*, som blir brukt om verdstreet i den Voluspá-strofa (Voluspá 47) som eg meiner Hymeskvida 24.1 er parallell til. Strofa er slik:

Skelfr Yggdrasils  
 askr standandi,  
 ymr it aldna tré,  
 [...]

Yggdrasil-asken *skelfr*, ‘skjelv’, og *ymr*. Å *ymja* tyder vanlegvis å ‘jamre’, og dét er litt spesielt når det er eit tre det er snakk om. Gro Steinsland tykkjer det er ei “noe påfallende personifisering” å bruke *ymja* om treet,<sup>37</sup> og Sigurður Nordal omtolkar ordet: Det “knager [...] i det gamle træ, det er som hørtes der jamren derfra”.<sup>38</sup> Men *ymja* kan òg tyde “hvine (om dump lyd), klinge” (*Lex. poet.*), som i *umðu ølskálir*, ‘det klang i ølskåler’ (Atlakvida 34), *vétrima tungur umðu*, ‘det klang i sverda’ (Bjørn kreppehende 8), osv. Her blir *ymja* brukt om det same som *hlymja* kan brukast om: Lyden av harde ting som vibrerer. Lik ser òg årsaka til ómen/brakinga ut til å vera. I Yggdrasil ómar og brakar det fordi treet *skelfr*. Derfor les Sigurður Nordal Voluspá 47 som ei skildring av eit jordskjelv.<sup>39</sup> Eit jordskjelvmotiv kan ein òg sjå i Hymeskvida 24, der “jorda fell saman”. Finnur Jónsson les dette som ei jordskjelvskildring.<sup>40</sup> Parallelliteten i både verba og årsaka til ómen/brakinga styrker parallelliteten mellom undergangsskildringane i Hymeskvida 24 og Voluspá, og gjer det rimelegare å lesa *hreingálm* som ‘verdstreet’.

#### OPPSUMMERING

Eg har komi fram til desse argumenta for å lesa *hreingálm* som *Yggdrasill*:

Fordi undergangsskildringane i Voluspá 46–58 og Hymeskvida 24 er parallelle, skal ein vente å finne *Yggdrasill* der *hreingálm* står. Både Voluspá 46–58 og Hymeskvida

<sup>36</sup> Ausvatnet i båten.

<sup>37</sup> Steinsland 1979: 144.

<sup>38</sup> Sigurður Nordal 1927: 48, utheva her. Ein kunne lure på om diktaren hadde “treet som hest” i tankane. “Ygg-hesten” kan jamre. Men den skisserte forklaringa er enklare.

<sup>39</sup> Sigurður Nordal 1927: 92.

<sup>40</sup> Finnur Jónsson 1932: 95.

24 har fire punkt i undergangsskildringa. Dei tre siste i Hymeskvida tilsvarar nært dei tre siste i Voluspá, og *Yggdrasill* i Voluspá (47) og *hreingálm* i Hymeskvida (24) står på same plass, i det fyrste punktet.

Fleirtalsforma *hlumðu* (*hrutu*) motseier ikkje at det er verdstreet som er meint. Fleirtal for eintal er ikkje uvanleg i skaldemål, og verdstreet er omskrivi med fleire slike dyr (hestar) i ei anna kjelde, òg.

Det ser ut til at “verdstre” eller “galgetre” og “hest” i poetiske omskrivingar både i skaldekvede og eddakvede går om einannan, på same måte som “skip” og “hest” i skipskjenningar.

I skipskjenningar er det òg vanleg at “hest” i neste omgang blir skifta ut med liknande dyr, som rein, hjort, elg, bukk, osv. Det er eit døme på det i Hymeskvida, og da burde det same vera mogleg i omtalen av verdstreet.

Ordet *hreingálm* kan rimeleg lesast som bortimot identisk med *Yggdrasill*. *Yggdrasill* kan enkelt lesast som “den fælslege hesten”, medan *hreingálm* er “den farlege, skadelege reinen”, som kan stå for “hesten”.

Av dei to verba som står til *hreingálm*, bør *hlymja* føretrekkast som *lectio difficilior*.

*Hlymja* kan ikkje brukast om å laga dyrelåt. Ein rein kan ikkje *hlymja*. Det kan derimot ein trestamme.

Det er fleire døme på nykratstil i Hymeskvida, så nykrataspektet i å lesa “det braka/óma i reinutysket” som ‘det braka/óma i verdstreet’, har parallellar i kvedet.

Ordet *finngálm* blir brukt om uttrykksmáten der ein blandar bilete i diktinga. Verbet *hlymja*, som står til *hreingálm*, og *ymja*, som står til *Yggdrasill*, kan brukast om det same: lyden av harde ting som vibrerer. I både Voluspá 47 og Hymeskvida 24 er det likt til at det lét fordi grunnen skjelv.

Det er altså ikkje berre mogleg å lesa *hreingálm* som *Yggdrasill*, det gjev god meining òg. Den lesemanen forklarar teksten slik han står, så ein ikkje treng gripe til endringar, og han får fyrste linja i Hymeskvida 24 til å falle på plass i den kosmologiske samanhengen det er semje om at strofa står i.

#### Verdstreet og elgen

I skaldekvedet *Sonatorrek*, ‘Sonetapet’, kan det sjå ut som verdstreet blir omtala som “elg”. Egil Skallagrímsson dikta Sonetapet i *kviðuhátt*, eit av dei enklaste skaldeversemála, til minne om den kjæraste sonen sin, som hadde drukna. I strofe 15 klagar Egil over kor vanskeleg det no er å finne nokon å lite på:

Mjök’s torfyndr,  
 sás trúa knegum  
 of alþjóð  
 elgjar galga,

þvít niflgóðr  
 niðja steypir  
 bróður hræ  
 við baugum selr.



Finnur Jónsson omset strofa slik : ‘Meget vanskelig er den at finne, som jeg kan stole på, i hele landet (?), ti slægtningers slette tilintetgører sælger sin faldne broder for ringe.’<sup>41</sup> Som vi ser, er det kjenningen *alþjóð elgjar galga* som er problemet i strofa. Innhaldet i ordlaget er likevel nokså klårt, fordi grunnordet er greitt. *Alþjóð* tyder ‘den samlede befolkning, alle mennesker’ (*Lex. poet.*), så spørsmålet er berre korleis Egil nærare utmerker denne “folkehopen”, altså kva *elgjar galgi* tyder. Dèt går ikkje Finnur Jónsson inn på, men det er dèt som er kjernespeørsmålet her. Eg går gjennom dei tidlegare tolkingane, før eg set fram mi eiga.

Halldór Friðriksson meiner *alþjóð elgjar galga* er ‘heile det islandske folket’. *Elgjar* kan vera (genitiv av) eit ord som tilsvarar det nylandske *elgur*, som tyder ‘slaps, issørpe’, og kan vera heite for “snø” eller “is”. Island er da “galgen” som snøen “heng” på (Halldór viser til det gamle namnet *Snæland*).<sup>42</sup> Dette biletet blir vel litt spesielt, jamvel til å vera laga av Egil. Ernst A. Kock meiner *elgjar galgi* er “trädet eller skogen, i vars grenar äljen blir hängande med sina horn”.<sup>43</sup>

Meininga i strofa blir da:

“Rätt svårt det synes  
att finna någon,  
som jag kan tro på,  
bland skogens folk!”

Denne tolkinga avviser Sigurður Nordal fordi det ikkje er noko særskilt å nemne at Egil mistrur *skógarmenn* (= ‘skogsfolk’ og ‘skoggangsmenn’). For mi rekning kan eg leggja til at biletet ikkje ville fungere om det ikkje var nokolunde vanleg at elgen vart hengande i tre etter horna. Det er det ikkje. Guðbrandur Vigfússon endrar *elgjar* til *Yggjar*, og omset: “It is right hard to find a man to trust among all the congregation beneath the gallows of Woden [the world-tree].”<sup>44</sup> Sigurður Nordal kjem òg til at *elgjar galgi* er “gálgi Óðins, askur Yggdrasils”, ‘Odins galge, Yggdrasilasken’, men kjem fram til det utan å endre teksten.<sup>45</sup> Han meiner å finne belegg for eit odinsheite *elgr*, i ei strofe av Besse Skald-Torveson (*elgs hriðboði*),<sup>46</sup> og i *Pulur*,<sup>47</sup> der *elgr* er variant av *olgr*, som kan tyde både ‘okse’, ‘hauk’, ‘eld’ og ‘Odin’. Sigurður dreg òg inn det norske stadnamnet *Elgjartún*, som Magnus Olsen (1929) meiner inneheld eit *elgr*, ‘ve’.<sup>48</sup>

<sup>41</sup> *Skj* B–I.

<sup>42</sup> Halldór Friðriksson 1896: 372.

<sup>43</sup> Kock 1923–41 § 1035.

<sup>44</sup> Guðbrandur Vigfússon 1883 I: 547.

<sup>45</sup> Sigurður Nordal 1933: 252.

<sup>46</sup> str. 2, *Skj* I–A: 276

<sup>47</sup> *Pulur* er ramser med heite og namn, dei fleste overleverte i handskrifter av Snorres Edda.

<sup>48</sup> Sigurður Nordal 1933: 252.

Ólafur M. Ólafsson forkastar argumenta for at \**Elgr* er odinsheite.<sup>49</sup> *Olgr* er sant nok odinsheite i *Pulur*, men \**Elgr* er ikkje variant av det, berre av okseheiteit. *Olgr* er dessutan a-stamme, og skulle da ikkje ha genitiv på -ar, meiner Ólafur. Belegget for \**Elgr* som odinsheite i kvedet av Besse Skald-Torveson bygger på ein tvilsam lesemaate, meiner han vidare. Og at namn som *Elgjartún* inneheld eit *elgr*, ‘ve’, er “höchst unsicher”, etter Jan de Vries.<sup>50</sup> Derfor konkluderer Ólafur Ólafsson slik: “Þar sem enginn fótur sýnist vera fyrir Óðinsmerkingu “Elgjar”, verður að hlíta því, sem heimildir greina og vitað er: að *elgr* er dýr af hjartaætt”, ‘Ettersom det ikkje synest vera hald i at *Elgr* skal tyde ‘Odin’, må ein lite på det kjeldene fortel og som er sikkert: at *elgr* er eit dyr i hjortefamilien.’<sup>51</sup>

Ólafur Ólafsson si eiga tolking baserer seg på at det ut frå Hamdesmål 17 og Saxo kan sjå ut som det var skikk å henge ulvar i tre. *Elgr* skal da vera heite for “ulv”, og *elgr galga* kjenning for ein slik hengd ulv, seier Ólafur. Ulv kan kallast *heiðingi* (*Pulur* IV, ee.), så *alþjóð elgjar galga* blir “heidningane”. Med den tolkinga tyder fyrste helmingen: “Hvar sem er leitað meðal heiðinna manna, er sá torfundinn, sem treysta má”, ‘Kvar ein enn leitar blant heidningar, er den vanskeleg å finne som ein kan lite på.’<sup>52</sup>

Eg kan ikkje slutte meg til sjølve tolkinga, til dèt er spranget frå “elg” til “ulv” for brått, og det er ikkje belagt med parallellar. Men eg følgjer Ólafur i at *elgr* er “dýr af hjartaætt”, ‘elg’. Eg er òg samd med Guðbrandur Vigfússon og Sigurður Nordal i at det høver greitt om *elgjar galgi* er verdstreet, fordi “Yggdrasils *alþjóð*” ville vera ein høveleg kjenning for ‘alle skapningane i verda’.<sup>53</sup>

Etter punkta i innleiinga kan *elgjar galgi* lesast beint fram som verdstreet. Verdstreet er ein galge (galgen til Odin), og *galgi elgjar* og *askr Yggdrasils* er formelt like konstruksjonar. *Galgi elgjar* kan tyde ‘galgen til elgen’ (slik det vanlegvis blir oppfatta), men det kan like gjerne tyde ‘elggalgen’, ‘galgen som er ein elg’. I så fall er det berre dyreslaget, arten av stort, firfött beitedyr, som er skilnaden mellom *askr Yggdrasils* og *galgi elgjar*. Les ein *galgi elgjar* slik ein ville lesi ein skipskjenning, så fell den skilnaden bort. Det gjer ingen skilnad om det står *hest unnar*, ‘bølgjehesten’, eller *elgr unnar*, ‘bølgjeelgen’; *ára marr*, ‘årehesten’, eller *ára elgr*, ‘åreelgen’ – osv. Ut frå dette mønsteret skulle ‘elggalgen’ og ‘hestegalgen’ kunne gå for det same. Ei innvending mot tolkinga er at det ikkje er andre døme i kvedet på at “hest” er skifta ut med “anna stort beitedyr”. Slik eg ser det, er den innvendinga ikkje avgjerande, for den utskiftinga eg føreset var allment tilgjengeleg i skaldemalet.

<sup>49</sup> Ólafur M. Ólafsson 1968: 173–175.

<sup>50</sup> De Vries 1961, under *Elgisetr*.

<sup>51</sup> Ólafur M. Ólafsson 1968: 175.

<sup>52</sup> Ólafur M. Ólafsson 1968: 176.

<sup>53</sup> Jf. Gro Steinsland si tolking av verdstreet som “symbol på kosmos”, 1979: 149.



## Litteratur

- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Íslensk orðsifjabók*. [Reykjavík]: Orðabók Háskólans
- Bugge 1965: *Sjá Sæmundar Edda hins fróða*.
- Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Utg. Finnur Jónsson, A I–II og B I–II, 1967–73 (1912–15). København: Rosenkilde og Bagger
- Detter, Ferdinand, 1897: “Anmälan av ‘Eiríkr Magnússon, M. A., Odins Horse Yggdrasil.’” *ANF* 13. 99–100
- Edda Snorra Sturlusonar* I–III. Sumptibus legati Arnamagnæani [“Arnamagnæanske utgåve”], Osnabrück 1966 (København 1848–1887)
- Edda Snorra Sturlusonar*. Utg. Finnur Jónsson 1931. København: Gyldendal
- Eddadigte* I–III. Utg. Jón Helgason, 1971 (1951–52). Oslo: Dreyer
- Egils saga Skalla-Grimssonar*. Utg. Sigurður Nordal, 1933. Íslensk fornrit 2. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag
- Einar Ól. Sveinsson 1934: *Sjá Laxdæla saga*
- Finnur Jónsson, 1931: *Sjá Edda Snorra Sturlusonar*
- Finnur Jónsson, 1973: *Sjá Den norsk-islandske skjaldedigtning*
- Finnur Jónsson, 1913–16: sjá *Lexicon poeticum*
- Finnur Jónsson, 1932: *De gamle Eddadigte*. København: G. E. C. Gads Forlag
- Fritzner, Johan, 1973: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* I–III. 4. utgåve. Fyrste utgåve 1867. Bd. IV, “Rettelser og tillegg”, av Finn Hødnebo 1972. Oslo: Universitetsforlaget
- Guðbrandur Vigfússon 1883: *Corpus poeticum boreale* I–II. Oxford: The Clarendon Press
- Halldór Kr. Friðriksson, 1896: “Egilssaga 1886–88, bls. 423”. *ANF* 12. 372–374
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo, Erik Simensen, 1990: *Norrøn ordbok*. Oslo: Det norske samlaget. (Marius Hægstad og Alf Torp: *Gamalnorsk ordbok*. Kristiania 1909)
- Heide, Eldar, 1996: “Treet som dyr. Eit innlegg for mindre bokstavleg lesing av eddakvede.” *Bøygen* nr. 2 1996. 26–31
- Heide, Eldar, 1997: *Fjølsvinnsmál. Ei oversett kjelde til norrøn mytologi*. Magisteravhandling i norrøn filologi, Universitetet i Oslo
- Holm-Olsen, Ludvig, 1975: *Edda-dikt*. Oslo: Cappelen
- Jón Helgason 1971: *Sjá Eddadigte* I–III
- Kock, Ernst A., 1923–41: *Notationes norræne* 1–21. Lund
- Laxdæla saga*. Utg. Einar Ól. Sveinsson 1934. Íslensk fornrit 5. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag

- Lexicon poeticum Antiquæ Linguae Septentrionalis. Ordbog over det Norsk-Islandske Skjaldesprog*. Finnur Jónsson 1913–16. Opphavleg skriven av Sveinbjörn Egilsson (Hafniae 1860). København: S. L. Møllers Bogtrykkeri
- Meissner, Rudolf, 1921: *Die Kenningar der Skalden*. Bonn og Leipzig: Kurt Schroeder
- Meulengracht Sørensen, Preben, 1986: “Thor’s Fishing Expedition”. I Gro Steinsland (red): *Words and Objects. Towards a Dialogue Between Archaeology and History of Religion*. Oslo. 257–278
- Mortensson-Egnund, Ivar, 1974 (1905/–08): *Edda-kvede*. Oslo: Det norske samlaget
- Ólafur Briem, 1985: *Eddu-kvæði* I–II. Reykjavík: Veröld
- Ólafur M. Ólafsson, 1968: “Sonatorrek”. *Andvari*
- Olsen, Magnus, 1929: *Stedsnavn og gudeminner i Land*. Oslo: I kommisjon hos Dybwad
- Ross, Hans, 1971 (1895): *Norsk Ordbog*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sigurður Nordal, 1927: *Vöhuspá. Vølvens spådom*. København: Aschehoug
- Sigurður Nordal, 1933: *Sjá Egils saga Skalla-Grimssonar*
- Steinsland, Gro, 1979: “Treet i Völuspá”. *ANF* 94. 120–150
- Steinsland, Gro, 1990: “Myten om Tor og Midgardsormen”. *Dyade* 4–1990. 54–61
- Sæmundar Edda hins fróða*. Utg. Sophus Bugge 1965 (1864). Oslo: Universitetsforlaget
- Vries, Jan de, 1961: *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch*. Leiden: E. J. Brill

## Summary

## The World Tree, the Reindeer and the Elk

The paper is an attempt to interpret two enigmatical kennings in Old Norse Eddaic and scaldic poetry: *hreingáln* in *Hymiskvida* 23, and *elgjar galgi* in *Sonatorrek* 15. Literally, they mean “reindeer fiend” and “elk gallows”. The author suggests a reading of both as “the World Tree”, based on three observations. In Norse mythology, the World Tree and other gallow trees may be called “horse”, cp. the name *Yggdrasil*, normally taken to mean “Odin’s horse”. Also, the word “horse” can, according to the rules of Norse scaldic, be interchanged with other hoofed animals: reindeer, elk, hart, etc. Thirdly, in a certain genre of Norse scaldic (“*Nykrat*-style”), images may contend with another, making it necessary to “see” two images at the same time in order to make sense of the text.

*Hreingáln* here occurs in a stanza which is a near-description of Ragnarok. The author compares this with the Ragnarok description in *Voluspá*, concluding that the two are parallel, and that *hreingáln* is positioned at the place where *Yggdrasil*



is mentioned in *Voluspá*. This suggests that the one might be used for the other. The two verbs attending *hreingálm* are important here: *hlumdu* (pret.pl.3.pers) is used in one manuscript, *hrutu* in another. The author admits that the use of plurals is strange, if the word refers to the one tree, but points out that plural replacing singular is not unusual in scaldic usage. Preferring *hlumdu* as the *lectio difficilior*, he is left with the expression *hreingálm hlumdu*, which literally would mean “the reindeer fiend thundered”. Apparently meaningless at first glance, the author points out that the World Tree may “thunder”. He therefore suggests an interpretation of “hreim-” as a *heiti* for horse, and the whole as a construction in *nykrat*-style where it is necessary to envisage the two images contemporaneously to give meaning to the text. The second part, *-gálm*, (fiend, evildoer) is explained with reference to similarly negatively associated names used for the World Tree in other known contexts.

As for *elgjar galgi* in *Sonatorrek 15*, several scholars have suggested the meaning “world tree”, but without any convincing explanation. The author suggests the interpretation of *elg-* as a kind of *heiti* for horse; thus, the kenning may be read as “horse gallows”, or “the gallows which is a horse”, also a suitable image for the World Tree.

---

Magister Eldar Heide (f. 1966) er sekretær i Statens namnekonuler for norske stadnamn i Nord-Noreg, der han arbeider med normering av stadnamn. Elles har han skrivi om kjønnsymbolikk i norrøn mytologi og litteratur og om norrøn skips-terminologi, m.a. Viktigaste arbeid er magisteravhandlinga *Fjølsvimsmål. Ei oversett nøkkeljelde til nordisk mytologi* (1997). Postadresse: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø.

---

## Vernehelgener mot pest i Norge i senmiddelalderen

Bente Lavold

### Innledning og problemstilling

I senmiddelalderens religiøse verdensbilde forestilte de fleste mennesker seg at årsaken til pestepidemiene var at Gud straffet dem for deres synder. Det rette mottiltak var derfor å søke forsoning med Gud for å mildne Hans vrede. Det kunne man gjøre ved hjelp av messer, prosesjoner, bønner osv. til Gud, Jesus, Maria og pesthelgnene. De viktigste pesthelgnene var St. Sebastian og St. Rochus.<sup>1</sup>

I denne artikkelen vil jeg først drøfte om skriftlige kilder og billedkilder til pesthelgenkult<sup>2</sup> kan utvide vår kunnskap om kronologisk og geografisk utbredelse av pestepidemiene i senmiddelalderen. Det andre siktemålet er å drøfte de religiøse vernetiltakene mot pest i et sosialt og økonomisk perspektiv. Jeg vil undersøke om oppdragsgiverne til vernetiltakene mot pest var offentlige eller private og om deltakerne var individer eller et kollektiv og drøfte endringer i disse gruppene frem mot reformasjonen. Her vil jeg også se nærmere på prisene på tiltakene fordi disse er en indikasjon på hvor stor tillit helgnene hadde som vernere mot pest. Med pesthelgen-

<sup>1</sup> Denne artikkelen er basert på min hovedoppgave i historie: Helgener mot pest i Norge i senmiddelalderen. Universitetet i Oslo, høsten 1997. Hovedoppgaven behandler perioden fra den store manndøden kom til landet og frem til reformasjonen. Ett av hovedaspektene i denne oppgaven var å drøfte hva billedkilder og skriftlige kilder fra senmiddelalderen som omhandler pest, kan fortelle om menneskenes forhold til denne farsotten sett i forhold til resultater fra moderne epidemisk og bakteriologisk forskning. Dette aspektet blir presentert i artikkelen, “Helgener viser pest” i rapporten fra det 16. nordiske ikonografiske symposiet i 1998, *Helgon i Norden*. Tidligere har Edvard Bull drøftet pesthelgener i Norge i *Folk og kirke i middelalderen*, 1912: 235–236. Helgenkulten han trekker frem, for så å tilbakevise sammenhengen med pest, viser klart at han har en ufullstendig oversikt over kildene til emnet. I ettertid har bl.a. Nedkvitne i 1990: 336 og Benedictow 1992: 92–94, påpekt at alteret viet til St. Sebastian i Hallvardskirken kan sees i forbindelse med pest. Bergenbispens kunngjøring om fem dagers vernetiltak mot pest er for eksempel tatt opp av Helle i 1982: 674. Ingen har tidligere foretatt en systematisk undersøkelse av det norske kildematerialet fra senmiddelalderen for å kartlegge og drøfte de religiøse vernetiltakene mot pest med utgangspunkt i helgnene.

<sup>2</sup> Begrepet kult bruker jeg om de ritualer, i vid forstand, som benyttes for å knytte kontakt med Gud, Kristus eller helgener.



COLLEGIUM MEDIEVALE  
FORENING FOR MIDDELALDERFORSKERE  
SOCIETY FOR MEDIEVAL STUDIES

PRESIDENT (2001)  
Per G. Norseng

MEMBERS OF THE BOARD (2001)  
Knut Arstad  
Kristin Bakken  
Jon Gunnar Jørgensen  
Inger Helene Vibe Müller  
Marianne Vedeler Nilsen  
Kari Anne Rand Schmidt

Collegium Medievale: Society for Medieval Research is an interdisciplinary association for scholars engaged in research on the Middle Ages. The association has its basis in the Faculty of Arts at the University of Oslo but is also open to members from other research milieus either domestic or foreign.

# COLLEGIUM MEDIEVALE

Tverrfaglig tidsskrift for middelalderforskning  
Interdisciplinary Journal of Medieval Research

Volume

14

2001

Published by  
COLLEGIUM MEDIEVALE  
Society for Medieval Studies  
Oslo 2001



## COLLEGIUM MEDIEVALE

Tverrfaglig tidsskrift for middelalderforskning  
Interdisciplinary Journal of Medieval Research

### EDITORS

Erla Bergendahl Hohler  
Jon Gunnar Jørgensen  
Erik Opsahl  
Kjartan Ottosson  
Brit Solli

The journal *Collegium Medievale* is a forum for all who are engaged in research on topics related to the Middle Ages or the Renaissance. One volume is published annually.

The journal is published by the medievalist association Collegium Medievale, Society for Medieval Studies. The Association has its basis in the Faculty of Arts at the University of Oslo.

Institutions and individuals may subscribe to the journal. The annual subscription fee is (2001): NOK 160, USD 25, postage included. Individual issues may also be purchased, and most previous issues are available. Payments to Collegium Medievale should be made to Norwegian Girobank account 0530 1092832. The Norwegian Girobank charges a fee of of NOK 50, USD 7, for cashing foreign cheques; this fee will have to be covered by subscribers using this mode of payment and should therefore be added to the amount paid for subscription.

Advertisements can be accepted by the journal: One page costs NOK 1,100, whereas a half page costs NOK 550 (plus 20% VAT= value added tax). Foreign publishing companies do not pay VAT. Publishers may also apply to have printed notices of books or other publications distributed with the journal. The fee for this is negotiable.

Non-members are invited to submit papers to the journal. A style sheet is published at the back of each volume and is also available on our web-page at <http://www.hf.uio.no/iakk/colmed/>. The web page contains a complete list of the contents of every issue which has appeared to date. Links are also provided to abstracts and summaries for each article printed in the journal. For further information please write to the journal: Collegium Medievale, P.O. Box 104 Blindern, N-0314 Oslo, Norway.

© Collegium Medievale, Society for Medieval Studies, Oslo 2001

## COLLEGIUM MEDIEVALE, Vol. 14, 2001

### CONTENTS

- ELDAR HEIDE: *Verdstreet, reinen og elgen* 7  
Artikkelen er ein freistnad på å tolke to problematiske *kenningar* i norrøn edda- og skaldediktning: *hreingálm* i *Hymiskviða* 23 og *elgjar gálgi* i *Sonatorrek* 15. Bokstavleg tyder dei “reinutysket” og “elggalgen”, i same følgd. Forfatternen føreslår å lesa dei som “verdstreet”. Tolkinga bygger på at verdstreet i norrøn mytologi kunne kallast “hest”, at “hest” etter reglane i det norrøne skaldemålet kunne gå om ein annan med andre firføtte beitedyr, som rein, elg, hjort, osb., og at norrøn diktning hadde ein sjanger – såkalla *nykratstil* – der bileta kan bryte med kvarandre, slik at ein må “sjå to bilete samstundes” for å få meining i teksten.
- BENTE LAVOLD: *Vernehelgener mot pest i Norge i senmiddelalderen* 23  
I artikkelens drøftes først om kildene til pesthelgenkult i Norge kan utvide vår kunnskap om kronologisk og geografisk utbredelse av pestepidemiene i senmiddelalderen. Vernetiltak mot pest betraktes så i et sosialt og økonomisk perspektiv. Videre belyses utviklingen i perioden når det gjelder private eller offentlige oppdragsgivere til vernetiltak mot pest og individuell eller kollektiv deltakelse i tiltakene. Deretter vurderes om vernetiltakene er en indikasjon på tillit til pesthelgenene.
- HARALD BENTZ HØGSETH: *Endringer i middelalderens håndverkskunnskap. Mekanismer som påvirker og fornyer etablert byggeskikk* 45  
Bygningsrester fra middelalderen er velegnet til analyser av sosiale, økonomiske og kunnskapsmessige samfunnsprosesser. Bygningslevningene uttrykker noe om det sosiale liv, samtidig som de vitner om praktisk nytte, ikke minst ved at de i seg selv kan forståes som håndgripelig dokumentasjon på overføring av praktisk kunnskap mellom håndverker generasjoner. Bygninger har både en praktisk og en symbolsk funksjon. Et forseggjort inngangsparti på en middelaldersk trebygning, eller restene etter den, er ikke nødvendigvis bare et tegn på sosial status og velstand. Det innehar også praktiske funksjoner som å isolere mot vær og vind, tåle trykk og press, aldring og slitasje. Håndverkerens kunnskap bør sees i lys av både funksjonelle, sosiale og økonomiske prosesser i samfunnet.